



## Høringsnotat

Endring av lokal forskrift om gjennomføring av gebyr for feiing og tilsyn i Sykkylven kommune

Sak 20/1346

## Innhald

<b>1.0. Generelt i høve endringane .....</b>	<b>2</b>
1.1. Ansvar til kommunen for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.....	2
1.2. Overordna mål med endringa av forskrifta.....	3
<b>2.0. Gjeldande forskrift og vurdering av denne .....</b>	<b>3</b>
2.1. Omtale av pkt. 1.1 i gebyrregulativet om område .....	3
2.2. Omtale av pkt. 1.2 i gebyrregulative om satsar .....	3
2.3. Omtale av pkt. 1.3 i gebyrregulativet om forfall på gebyr .....	4
2.4. Omtale av pkt. 1.4 i gebyrregulativet om fritak frå gebyr.....	4
2.5. Nokre andre vurderingar kring det gjeldande regulativet .....	6
<b>3.0. Endringane ny forskrift legg opp til og merknader til dei enkelte føresegnene.....</b>	<b>7</b>
3.1. Innleiande føresegner – Føremål, virkeområde m.m. ....	7
3.1.1. Forslaget i § 1 formål.....	7
3.1.2. Forslaget i § 2 verkeområde for forskrifta.....	7
3.1.3. Forslaget i § 3 definisjonar i forskrifta.....	8
3.1.4. Forslaget i § 4 om heimel .....	9
3.2. Forslaget i § 5 om gebyra .....	9
3.3. Forslaget i § 6 om gebyrplikt .....	10
3.4. Forslaget i § 7 om utforming av gebyret .....	10
3.5. Forslaget i § 8 om gebyrfritak.....	12
3.6. Forslaget i § 9 om andre tenester .....	13
3.7. Forslaget i § 10 om ansvar for gebyra .....	13
3.8. Avsluttande føresegner – innkreving, vedtaksmynde m.m. ....	14
3.8.1. Forslaget i § 11 om innkreving .....	15
3.8.2. Forslaget i § 12 om vedtaksmynde.....	15
3.8.3. Forslaget i § 13 om klage.....	15
3.8.4. Forslaget i § 14 om ikrafttreding .....	17
<b>4.0. Administrative og økonomiske konsekvensar .....</b>	<b>17</b>

## 1.0. Generelt i høve endringane

### 1.1. Ansvar til kommunen for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Dei overordna reglane som regulerer kommunen sitt ansvar med feiing og tilsyn er å finne i *lov av 14 juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)* og *Forskrift av 17 desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging*.

Etter § 9 i brann- og eksplosjonsvernlova har kommunen ei plikt til å syte for oppretting og drift av eit brannvesen som kan ta hand om førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein effektiv og sikker måte. Dei nærare pliktene til brannvesenet går fram av § 11 i same lov. Etter denne føresegna skal brannvesenet blant anna syte for feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Ansvar til brannvesenet har med feiing og tilsyn etter brann- og eksplosjonsvernlova blir supplert av kap 4 *kommunens førebyggjande plikter* i forskrift om brannførebygging og er spesielt regulert av § 17 i dette kapitlet.

Føresegna seier at kommunen skal syte for at røykkanalar i fyringsanlegg som blir nytta til oppvarming av byggverk blir feia ved behov. Feiing skal gjennomførast på ein fagleg forsvarleg måte og til minst mogleg ulempe for eigar og brukar av byggverket. Etter feiing skal all sot bli fjerna og levert på eigna stad. På lik linje med feiing skal kommunen også syte for at tilsyn med fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk blir gjennomført ved behov.

Sjølv om § 17 seier det er kommunen som skal syte for feiing, vil oppgåva i utgangspunktet ligge hos brannvesenet, men kommunen har som nemnt ansvar for å etablere eit brannvesen som skal syte for oppgåvene. Sviktar dette er det til sist kommunestyret som sit med ansvaret. Det er vidare eit krav om at byggverk blir varma opp av fyringsanlegget. Blir fyringsanlegget ikkje nytta til oppvarming av byggverket, fell ikkje plikta inn til å gjennomføre feiing og tilsyn. Byggverk skal etter brann- og eksplosjonsvernlova forståast som bygningar, konstruksjonar og anlegg, jf. § 4 bokstav a). Dette betyr at ansvar for å gjennomføre feiing og tilsyn femnar ganske vidt. Det mest praktiske er bustader og hytter, men det vil også kunne vere industribygg og næringsbygg. Andre mindre innretningar vil også kunne bli råka av plikta, som til dømes anleggsbrakker og uthus om desse blir varma opp av fyringsanlegg.

Feiinga og tilsynet skal gjennomførast ved behov. Rettleiaren til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) syner til at det inneber at gjennomføringa skjer basert på risiko der til dømes vurderingskriterie som karakteren til byggverket og bygningsmiljøet, kvaliteten på fyringsanlegget og fyringsmønster kan kome inn. Det er brannvesenet som skal gjere denne vurderinga og dette må ein sjå på bakgrunn av ansvaret som følgjer etter § 14 *kartlegging av risiko for brann*, § 15 *planlegging av det forebyggjande arbeidet* og § 16 *gjennomføring av det forebyggjande arbeidet* i kapittel 4 i forskrift om brannførebygging.

På bakgrunn av dei skisserte oppgåvene, gir brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd kommunestyret rett til å fastsette lokal forskrift om gjennomføring av gebyr for å dekke kostnadene ved denne tenesta.

## **1.2. Overordna mål med endringa av forskrifta**

Sykkylven kommune vil gjere endringar i kapittel 1 i *Gebyrregulativ tekniske tenester Sykkylven kommune*, som i dag gir reglane for gjennomføring av gebyr for feiing og tilsyn og dei nærare gebyrsatsane for tenesta. Forskrifta ligg vedlagt dette notatet.

Det overordna målet med forskriftsendringa er å syte for ei nærare klargjering og presisering for gjennomføring av gebyr for dei lovpålagde oppgåvene kommunen har med feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Per i dag er gjennomføring av gebyr for tilsyn og feiing regulert gjennom fire punktar i gebyrregulativet og gjennom forvaltningspraksis til kommunen. Vi ser det har oppstått ein del uklare tilhøve rundt dei gjeldande reglane.

Forskrift for gjennomføring av gebyra og sjølvgebyrsatsane står i dag samla i kapittel 1 i gebyrregulativet til kommunen. Ei ny lokal forskrift om gjennomføring av gebyr vil teke sikte på å innføre nokre fleire føresegnar og blir soleis lengre. Vi ser det som føremålstenleg at reglane går fram av to forskrifter. Ei forskrift som gir reglar for gjennomføring og utrekning av gebyr og gebyrregulativet som inneheld dei konkrete gebyrsatsane. På den måten oppnår ein ei liknande løysing som kommunen har for kommunale vass- og avløpsgebyr. Ein annan fordel er at det berre er gebyrregulativet ein trekk frem når kommunestyret kvart år vedtek nye gebyrsatsar. Ei ulempe er at ein får to instrument ein må halde seg til, men dette kan ein bøte på ved at ein til dømes på heimesida til kommunen har tilgjenge til begge forskriftene på same side.

I arbeidet med utkastet har kommunen halde seg til overordna heimelsgrunnlag, som er brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannførebygging. Rettleiaren til forskrift om brannførebygging som DSB har utarbeida har også vore nytta. Rettleiar til utforming av kommunale forskrifter utarbeidd av det tidlegare Justis- og politidepartementet (G-2002-9001) har vore nytta. I tillegg har vi nytta forskrifter frå enkelte kommuner som døme og inspirasjon på utforming av eiga forskrift. Desse har mellom anna vore Oslo, Bærum, Surnadal, Stranda og Hareid.

## **2.0. Gjeldande forskrift og vurdering av denne**

Nogjeldande reglar for gjennomføring av gebyr for feiing og tilsyn er å finne i punkta 1.1 til 1.4 i *Gebyrregulativ tekniske tenester Sykkylven kommune*.

### **2.1. Omtale av pkt. 1.1 i gebyrregulativet om område**

Punkt 1.1 syner til at gebyrregulativet fastsett gebyrsatsane for feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Sjølv punktet har overskrifta område. Etter kommunen si oppfatning gjer dette føresegna klar. Overskrifta gir inntrykk av å skulle tilvise verkeområdet for kapittel 1 i gebyrregulativet, men i staden for syner den til kor gebyr for feiing og tilsyn er å finne og at dei er slått fast i regulativet.

Vi vurderer det slik at føresegna gir uttrykk for tilhøve som kunne vore skilt ut i eigne føresegnar for å klargjere. Til dømes ei føresegn som regulerer verkeområdet for forskrifta og ei som syner til kor dei til ein kvar tid gjeldande gebyrsatsane er å finne. Ei føresegn som seier kor gebyrsatsane er å finne, kan også syne til kva for organ som har kompetanse til å gi gebyra og å gi ein oversikt over kva for gebyrtypar som gjeld etter forskrifta.

### **2.2. Omtale av pkt. 1.2 i gebyrregulative om satsar**

Sjølve satsane for feiing og tilsyn går fram av pkt 1.2 i gebyrregulativet. Det er fastsett eigen sats for bustad, industripipe og andre tilfelle etter medgått tid. Ettersom satsane er inndelt i fleire ulike kategoriar gir også punktet ei tilvising på kva for utforming gebyra skal ha. Kommunen har ved sidan av dette praktisert ei ordning der bustadar har vorte gebyrlagt for kvar bueining. Slik har det ved til dømes bustadblokker eller fleirmannsbustader vorte gebyrlagt for kvar bueining og ikkje kvart bygg.

Vi ser det som ein fordel om føresegna hadde vore klarare på korleis utforminga av gebyret skal vere. At det har vore praktisert ei ilegging av gebyr per bueining for bustad ser vi ikkje som i strid med regulativet. Dette blir eit spørsmål om korleis ein skal forstå bustad. Likevel bør ein rydde unna eit slikt tolkingsspørsmål for å gjere forskrifta meir føreseieleg. Vi meiner dette bør gjerast ved å utarbeide ei føresegn som særskilt regulerer utforminga av gebyret der ein i ordlyden får fram at gebyret skal falle på kvar bueining når det gjeld bustad. Ei føresegn om utforming av feie- og tilsynsgebyr bør også ta stilling til korleis gebyret skal falle på andre typer av byggverk der kommunen også har eit ansvar for å gjennomføre feiing og tilsyn.

Gebyrregulativet skapar også tvil på om satsane i pkt. 1.2 berre skal dekke gebyr for feiing eller om det også skal dekke tilsyn. Les ein punkt 1.2 i samanheng med pkt. 1.1 i regulativet får ein inntrykk av at gebyra skal dekke både feiing og tilsyn. Dette er derimot ikkje sjølvstøtt om ein les det i samanheng ordlyden i pkt. 1.3 om forfall og pkt. 1.4 om fritak, som berre syner til «feiegebyr». Kommunen har praktisert det slik at gebyra etter pkt. 1.2 både dekker feiing og tilsyn. Vi ser for oss at ny gjennomføringsforskrift klårare bør gjere greie for om det skal vere *eit* gebyr som dekker både feiing og tilsyn eller om det skal leggest opp til to ulike gebyr.

### **2.3. Omtale av pkt. 1.3 i gebyrregulativet om forfall på gebyr**

Føresegna syner til at betaling for feiegebyr forfell 2. termin kvart år samstundes med dei andre kommunale eigedomsgebyra.

Slik det går fram av føresegna seier den når gebyr skal vere betalt. Føresegna seier derimot ikkje kven som har ansvar for å betale gebyret. Det er også uklart om det er slik at føresegna regulerer forfall berre for feiegebyr eller om den også skal gjelde gebyr for tilsyn, sjå omtale av problematikken i pkt. 2.2 over. Sykkylven Energi AS som fakturerer dei kommunale gebyra for vass- og avløp og feiing og tilsyn, har fått spørsmål frå innbyggjarar i kommunen om det let seg gjere å fordele gebyret slik at gebyr for feiing og tilsyn blir fakturert kvar termin. Pkt. 1.3 i regulativet fastslår at fakturering skjer kvar 2 termin. Vi ønsker i ny gjennomføringsforskrift å legge opp til at dette kan praktiserast meir fleksibelt.

### **2.4. Omtale av pkt. 1.4 i gebyrregulativet om fritak frå gebyr**

Fritak for gebyr er regulert slik i pkt. 1.4 i gebyrregulativet:

*«Eigar av bustad vert fritaken for feiegebyr etter søknad dersom ein ikkje har kopla eldstad til pipe.»*

Kommunen har vidare operert med ein forvaltningspraksis som er slik:

*«Eigar av bustad blir fritaken for feiegebyr dersom ein ikkje har tilkopla eldstad til pipe. Kommunen har lagt til grunn ein praksis med moglegheit for fritak i maks 2 år dersom bustaden ikkje har vore bebudd dei siste 6 månadar, bebuar har fått plass i kommunal institusjon eller bustaden står til nedfalls og kan ikkje nyttast for opphald over lengre tid.»*

Det kan vere uklart om forvaltningspraksisen til kommunen utfyller gebyrregulativet pkt. 1.4 eller om det er meint som ein sideordna fritaksordning. Les ein det som at den utfyller, vil ein få fritak dersom ein ikkje har tilkopla eldstad til pipe og bustad ikkje har vore bebudd dei siste 6 månadene, eller bebuar har fått plass i kommunal institusjon, eller bustaden står til nedfalls og ikkje kan nyttast for opphald over lenger tid. Då får ein fritak i maks to år, som kan bety at ein må søkje om fritak igjen om ein vil at dette skal halde fram etter at dei to åra er omme. Dette kan synast som ei streng ordning ettersom det vil ligge føre ein del andre måter å varme opp eit byggverk på i dag. Dei mest praktiske alternative oppvarmingsmoglegheiter i denne kommunen, vil kanskje vere bruk av varmpumpe eller anna elektrisk oppvarming i form av elektriske ovnar eller varmekablar i gulv. Det er heller ikkje lovpålagt at byggverk skal varmast opp ved bruk av fyringsanlegg. Ordlyden i gebyrregulativet pkt. 1.4 etterlater også spørsmål om det er nødvendig å søke for å få fritak for feiegebyr dersom det ikkje er installert eldstad i bustad i det heile tatt, men berre lagt til rette for det? Sjå drøftinga om dette under.

Les ein det som to sideordna fritaksordningar, vil ordningane sjå slik ut:

1. Ein vil i alle høve få fritak frå feiegebyr etter søknad dersom bustad ikkje har eldstad kopla til pipe.

Ved denne fritaksordninga kan vi sjå at det oppstår spørsmål om ein må søke om fritak frå feie- og tilsynsgebyr dersom det i bustad aldri har vore montert eldstad, men det er pipeløp i bustaden? Eller at det kan søkast om fritak for gebyr der det har vore kopla til eldstad og dette seinare blir kopla frå? Spørsmålet oppstår fordi gebyrregulativet ikkje regulerer særskilt når gebyrplikt inntreir. Kommunen skal som nemnt under pkt. 1.1 over, berre gjennomføre feiing og tilsyn ved behov med fyringsanlegg som blir nytta til oppvarming av byggverk. Dersom eit byggverk i utgangspunktet ikkje har installert eldstad og såleis har eit komplett fyringsanlegg, synast det ikkje riktig at det skal betalast gebyr for feiing og tilsyn ettersom det ikkje er nødvendig å gjennomføre feiing og tilsyn der. Soleis synast det rett at fritaksordning 1 blir nytta der det tidlegare har vore instalert fyringsanlegg, men det seinare har vore kopla ifrå. Vi ser at føresegna kunne gjort nærare greie for dette. Det blir også eit spørsmål om fritaksordning for feiing og tilsyn berre skal gjelde bustader eller om det bør vere ei opning for byggverk generelt? Slik regulativet er formulert i dag omfattar fritaksordninga berre bustadar.

2. Kommunal forvaltningspraksis opnar opp for fritaksordning nummer to, ved at ein får fritak i maks 2 år dersom bustad ikkje er vore bebudd dei siste 6 månadene, eller bebuar har fått plass i kommunal institusjon, eller bustaden står til nedfalls og ikkje kan nyttast over lengre tid.

Her synast det då ikkje å vere krav om at eldstad blir kopla frå byggverket. Dette gir ein liberal fritaksordning. Ei slik ordning kan vere vanskeleg å samordne med overordna heimelsgrunnlag. Kommunen kan opne opp for å frita for gebyr for feiing og tilsyn, men ikkje for sjølve feiinga og tilsynet. Er eit fyringanlegg kopla til eit byggverk og blir nytta til å varme opp dette, skal det gjennomførast feiing og tilsyn ved behov med fyringsanlegget, jf. § 17 i forskrift om brannførebygging. Forskrift om brannførebygging gir ikkje heimel for å gi unnatak for feiing og tilsyn dersom eit byggverk har installert fyringanlegg. Vi ser heller ikkje at brann- og eksplosjonsvernlova heimlar det. Det å gi unnatak for feiing og tilsyn då vil vere i strid med overordna heimelsgrunnlag. Om kommunen vel å frita for gebyr sjølv om byggverket likevel har installert fyringsanlegg, blir resultatet at kommunen må føre feiing og tilsyn utan å få dekka kostnaden ved tenesta. Dette førar med seg at nokre innbyggjarar må betale for tenesta og andre ikkje.

Feiinga og tilsynet skal likevel gjerast ved behov, så ein kan forsvare ordninga med at det innafor ein periode på 2 år ikkje synast å vere behov for å gjennomføre feiing og tilsyn, dersom bustad ikkje har vore bebudd dei siste 6 månadene, eller bebuar har fått plass i kommunal institusjon, eller bustaden står til nedfalls og ikkje kan nyttast over lengre tid. Men det blir etterlata eit spørsmål om kvifor

denne behovsprøvinga er sett til eksakt 2 år og kvifor ikkje lengre eller kortare? Vil ikkje også eit behov kunne variere med kva for byggverk det er snakk om og eventuelle fyringsvaner? Kan ein difor sette 2 år som eit generelt fritaksrom? Behovsprøvinga er vel også ein del av feie- og tilsynstenesta, kvifor skal det då bli gitt fritak når ein er innanfor ordninga med tenesta? Kommunen har også praktisert gebyret etter gebyrregulativet som eit flatt gebyr, det vil seie at det skal betalast gebyr for feie- og tilsynstenesta uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Om ein ser dette i samanheng med behovsprøvinga, gir det då meining å operere med ein fritaksordning som forvaltningspraksisen opnar opp for?

Skal ein halde på ei slik ordning, må likevel kommunen ha ei oversikt over kva for bustadar som har fått eit slikt mellombels fritak, slik at ein kan følgje opp vidare etter at 2 års perioden er omme. Dette kan vere med på å generer meirarbeid. Fritaksordninga er også uklar på grensesnittet for når fritaksordninga tek til å gjelde, skal det til dømes vere frå søknadstidspunkt, vedtakstidspunkt eller eit anna tidspunkt?

Ved ordninga oppstår det også anna tvil. Når ein bustad ikkje har vore bebudd dei siste 6 månadene, kan ein ikkje utelukke at det til dømes kan vere aktuelt å leige ut eller selje den. Korleis skal ein kunne ha kontroll på det? Kan det også hende at bustaden kan ha vore leigd ut i dei 6 månadene? Mykje av det same vil kunne gjelde der bebuar flytter på institusjon. I høve til alternativet at bustad står til nedfalls og ikkje kan nyttast over lengre tid, kan det oppstå tvil om kva som blir meint med «nedfalls». Er det til dømes nok at bustaden har vore dårleg haldt vedlike, eller må den vere såpass dårleg at det synast like greitt å rive den. Kva skal ein også kunne krevje av dokumnetasjon ved søknad om fritak som gjer at kommunen kan teke stilling til at bustaden står til nedfalls? Om ein bustad står til nedfalls, vil det då vere nødvendig med eit fyringsanlegg inne i bustaden i det heile tatt, eller kunne eigar av bustaden berre fjerna fyringsanlegget frå bustaden og såleis vore utanfor feie- og tilsynsordninga etter forskrift om brannførebygging § 17?

Forvaltningspraksisen til kommunen etterlet vidare eit spørsmål om det bør vere opning for å frita for feie- og tilsynsgebyr for byggverk generelt. Praksisen regulerer berre tilhøve til bustadar. Ved ny gjennomføringsforskrift ønsker vi å rydde opp i dagens fritaksordning for feie og tilsynsgebyr. Vi meiner det ved ei fritaksordning vil vere viktig å sjå denne i samanheng med pliktene kommunen har etter det overordna heimelsgrunnlaget. Ei føresegn om fritak for feie- og tilsynsgebyr bør regulere uttømande kva som må til får å kunne få fritak og korleis dette skal dokumenterast. Dette vil vere med på å skape ei meir føreseieleg fritaksordning. Vi vil vurdere å gå bort frå ei mellombels løysing for fritak på 2 år slik praksisen i dag legg opp til. Dette for å gjere det enklare administrativt å handtere fritaksordningane. Det bør vurderast om det skal vere eit krav om å kople frå eldstad før fritak kjem på tale og at dette må dokumenterast ved søknaden. Ei slik løysing gjer det enklare å kontrollere og den som søkar får også ei større aktivitetsplikt. Blir det installert eldstad i byggverket igjen slik at eit fyringsanlegg er komplett, skal eigar melde ifrå til kommunen, jf. forskrift om brannførebygging § 6 første ledd. Då bør gebyrfritaket ogå samstundes opphøyre.

## **2.5. Nokre andre vurderingar kring det gjeldande regulativet**

I punkta over har vi allereie vore inne på at gebyrregulativet kunne gjort betre greie for verkeområde for forskrifta, kven som har kompetanse til å fastsette satsar etter forskrifta, kva for gebyrtyper ein skal ha, kva for form gebyra skal ha, kven som skal stå ansvarleg for betaling av gebyra og at ein bør få regulert fritaksordninga uttømande i forskrifta.

Utover dette ser vi at gjeldande forskrift manglar ei føresegn som regulerer sjølve gebyrplikta, og dette er kanskje det viktigaste å få på plass. Vi meiner vidare at det burde vore ei føresegn som syner til heimelsgrunnlaget for å treffe ei lokal forskrift for gjennomføring av gebyr, kven som skal ha vedtaksmynde etter forskrifta og kva for reglar som gjeld i dei situasjonar den ansvarlege ikkje gjer

opp av eiga vilje. Vi meiner også det kan vere føremålsteneleg å få inn ei føresegn innleiingsvis i ny forskrift som syner til formålet med gjennomføringsforskrifta. Såleis får ein belyst tilhøve mellom denne og ansvaret i overordna heimelsgrunnlag. Dette er tilhøve vi ønsker å rette på ved utarbeiding av ny forskrift. I avsnitta under følgjer merknadar til dei ulike føresegnene i utkastet til ny forskrift. Forslag til korleis sjølv forskriftsteksten vil sjå ut er lagt ved dette notatet.

### **3.0. Endringane ny forskrift legg opp til og merknader til dei enkelte føresegnene**

#### **3.1. Innleiande føresegner – Føremål, virkeområde m.m.**

I forskrifta er det foreslått nye føresegner som skal syne til føremålet, virkeområde, enkelte definisjonar og heimelsgrunnlaget for forskrifta. Desse skal gå fram av §§ 1 til 4. Under følgjer forskriftstekstane slik dei skal lyde og ein kort merknad til dei.

##### **3.1.1. Forslaget i § 1 formål**

§ 1 om formål skal lyde:

*Formålet med forskrifta er å syte for at kommunen får dekkja sine utgifter ved gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Sykkylven kommune.*

*Forskrifta skal syte for reglar om berekning og innbetaling av dei gebyra eigar av byggverk med fyringsanlegg skal betale for tilsyn og feiing.*

Formålet med forskrifta kjem fram av utkastet § 1. Formålet med forskrifta skal vere å syte for at kommunen for dekkja sine utgifter knytt opp til lovpålagd feiing og tilsyn med fyringsanlegg i kommunen. Forskrifta syter også for berekning og innbetaling av gebyr den ansvarlege må betale. I rundskriv G-2002-9001 følgjer det at det ikkje alltid er nødvendig med ei eiga føresegn om formål, men at ei slik føresegn vil vere til hjelp ved tolking av forskrifta og i samband med etterkontroll av ho. Forskriftsarbeid er ei kontinuerlig prosess som ikkje er avslutta sjølv om ein forskrift er vedteken og kunngjort. Etterkontroll er ein del av prosessen og går kort og godt ut på å undersøke om forskrifta fungerer etter sin hensikt. Vi ser det difor som hensiktsmessig å ha med ei slik føresegn.

##### **3.1.2. Forslaget i § 2 virkeområde for forskrifta**

§ 2 om virkeområde for forskrifta skal lyde:

*Denne forskrifta omfattar alle byggverk med fyringsanlegg i Sykkylven kommune.*

Virkeområde for forskrifta kjem fram av utkastet § 2. Forskrifta er foreslått å omfatte alle byggverk med fyringsanlegg i Sykkylven kommune. Vi ser det som nødvendig å ha ei slik føresegn ettersom dette er ei lokal forskrift som berre skal gjelde for Sykkylven kommune.



### 3.1.3. Forslaget i § 3 definisjonar i forskrifta

§ 3 om definisjonar skal lyde:

*I denne forskrifta meinast med:*

- a) *Byggverk: bygningar, konstruksjonar og anlegg.*
- b) *Brukar: den som i eigenskap av eigar, eller etter avtale med eigar, har bruksrett til å nytte byggverk.*
- c) *Bueining: bustad eller fritidsbustad med eit eller fleire rom, separat inngang og eige kjøkken og bad. Einebustad med inntil 2 bueiningar (kjellarleiligheit, generasjonsbustad, hybel), vert likevel rekna som ei bueining.*
- d) *Eigar: den som står som heimelshavar til eigedom med byggverk på som har installert fyringsanlegg. Fester av eigedom med tilsvarande byggverk på skal stå som eigar når gjenstående festetid da gebyrplikta inntrådte var 30 år eller meir, eller fester har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta inntrådte vil kunne verte 30 år eller meir.*
- e) *Eigedom: fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.*
- f) *Feiing: reingjering av røykkanalar og fjerning av sot.*
- g) *Tilsyn med fyringsanlegg: kontroll med at pliktene for fyringsanlegg gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova vert overhaldne og at avvik vert følgde opp.*
- h) *Brannvesen: verksemd etablert av kommunestyret som skal syte for førebyggjande og beredskapsmessig brannvern.*
- i) *Fyringsanlegg: eldstad, sentral varmekjelde eller varmluftkjele, der varme skal produserast ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal, skorstein og matesystem for brensel.*
- j) *Matesystem: anlegg for tilføring av fast eller flytande brensel.*
- k) *Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft.*
- l) *Skorstein (pipe): vertikal del av fyringsanlegget. Kan innehalde fleire røykkanalar.*
- m) *Varsel: melding gitt før gjennomføring av feiing og tilsyn. Som varsel vert også rekna melding sendt elektronisk.*

Føresegna er meint å definere ulike omgrep som er gitt i forskrifta. Der det er nytta omgrep som følgjer av overordna heimelsgrunnlag har vi latt definisjonane vere dei same. Ved omgrep som ikkje er definert i overordna heimelsgrunnlag, har vi støtta oss til definisjonar som går fram av rettleiinga til forskrift om brannførebygging som DSB har utarbeida. Samstundes har vi sett til andre kommunar korleis dei har valt å utforme dei. Definisjonane av bueining, eigar og eigedom som går fram av bokstavane c), d) og e) over, har vi late vere dei same som vi vil foreslå i utkast til ny forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr som også er under arbeid. Dette har vi valt for å søke å få ein

harmonisering i forskriftene om dei ulike kommunale gebyra. At omgrepa her er dei same håper vi vil gjere det meir oversiktleg for innbygarane og saksbehandlarane i kommunen.

### **3.1.4. Forslaget i § 4 om heimel**

§ 4 skal lyde:

*Forskrifta er gitt med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28, og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 17.*

*Brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrift om brannførebygging pålegg kommunen å gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Kommunen får etter denne forskrifta rett til å ta gebyr som dekker kostnadane med tenesta.*

Denne føresegna syner til det overordna heimelsgrunnlaget som gir kommunen rett til å vedta lokal forskrift om gjennomføring av gebyr for feiing og tilsyn. Føresegna skal også syne at kommunen har rett til å ta gebyr for tenesta gjennom den lokale forskrifta.

### **3.2. Forslaget i § 5 om gebyra**

§ 5 skal lyde:

*Kostnadene ved gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg skal for Sykkylven kommune dekkast gjennom sjølvkostprinsippet med full inndekking.*

*Kommunestyret fastsett dei årlege gebyra for feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyrsatsar vil gå fram av det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ.*

*Gebyrtypar etter denne forskrifta er:*

- a) Feie- og tilsynsgebyr*
- b) Gebyr for medgått tid*

*Feie- og tilsynsgebyr utgjer eit samla gebyr og blir fastsett etter flat pris. Kommunestyret kan differensiere tilsyns- og feiegebyret mellom typar byggverk. Kommunestyret kan fastsette sats for gebyr for medgått tid. Det kan også for denne gebyrtypen differensierast mellom typar av byggverk.*

I føresegna går det fram at kommunestyret har kompetanse kvart år til å fastsette feie- og tilsynsgebyra, og at desse er å finne i gebyrregulativet til kommunen. Det er også trekt fram at gebyra for feiing og tilsyn skal dekkast gjennom sjølvkostprinsippet. Det er ikkje eit krav i overordna heimelsgrunnlag at tenesta med feiing og tilsyn skal dekkast fullt og heilt gjennom gebyr rekna ut ifrå sjølvkost, slik det til dømes er for vatn- og avløpstenesta. Vi foreslår i forskrifta at kommunen skal kunne dekke tenesta gjennom sjølvkost med full dekking. Om det ikkje blir gjort, må resten av tenesta dekkast gjennom budsjettet på annan måte.

Føresegna i § 5 set også opp kva for gebyr som skal gjelde etter forskrifta. Det er eit gebyr med flat pris for feiing og tilsyn for byggverk. Gebyret med flat pris skal dekke både tilsynet og feiinga. Dette

er i tråd med kva som er vore praktisert i kommunen. Kommunestyret skal etter forslaget kunne differensiere gebyr på ulike typer av byggverk. I dag er dette berre gjort for industripipe og bustad, sjå pkt. 1.2 i gebyrregulativet vedlagt dette notatet.

I utkastet blir det også lagt opp til at brannvesenet kan ta gebyr for medgått tid, dersom det skulle vise seg å gå meir tid enn vanleg ved gjennomføring av feinga og tilsynet i det enkelte høve. Dette må vurderast konkret i kvart tilfelle og ein bør kommunisere dette med den som er ansvarleg for gebyra.

Føresegna tek sikte på å erstatte pkt. 1.1 og delvis pkt. 1.2 i gjeldande gebyrregulativ.

### **3.3. Forslaget i § 6 om gebyrplikt**

§ 6 skal lyde:

*Gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg skal betalast når fyringsanlegg er eller vert installert i byggverket, uavhengig om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.*

*Eigar svarar også gebyr i desse høve:*

- a) *der feiar ved inspeksjon av røykkanalane til fyringsanlegget har funne ut at feiing ikkje er naudsynt.*
- b) *der feiar etter varsel og oppmøte til fastsett tid ikkje har tilfredsstillande tilkomst til fyringsanlegget.*
- c) *der feiar ikkje har fått tilbakemelding frå eigar at feiing og tilsyn kan utførast etter utlevert varsel.*

Føresegna regulerer når gebyrplikta trer inn. Noverande regulativ manglar ei slik føresegn, sjå kommentar til dette i pkt. 2.5 over. Denne blir difor ny i høve til gjeldande rettsstilling. Gebyrplikta skal tre inn når fyringsanlegget er eller blir installert i byggverket og uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Fyringsanlegg er definert slik i § 3 bokstav i):

*«eldstad, sentral varmekjelde eller varmluftkjele, der varme skal produserast ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal, skorstein og matesystem for brensel.»*

Eit fyringsanlegg må såleis vere ein komplett løysing som gjer det mogleg å nytte det til å varme opp byggverket. Føresegna om gebyrplikt må ein difor sjå i samanheng med feie- og tilsynsplikta etter forskrift om brannførebygging § 17. Dette betyr at dersom det i ein bustad er etablert pipe og røykkanal, men det ikkje er installert eldstad, til dømes vedomn, fell ikkje gebyrplikta etter § 6 inn for denne bustaden. Her vil det heller ikkje ligge føre ei feie- og tilsynsplik for brannvesenet.

Vidare er det i § 6 regulert andre tilhøve der eigar av fyringsanlegget også svarar for gebyr. Dette er der det ikkje har vore tilfredsstillande tilkomst for å gjennomføre feiing og tilsyn, feiing ikkje har vore nødvendig fordi tilsynet tilseier at det ikkje er behov og der feiar ikkje har fått tilfredsstillande tilbakemelding frå eigar etter utlevert varsel om feiing og tilsyn. Ein kan stille spørsmål om det eigentleg er nødvendig å ta med desse tilleggspunkta ettersom utgangspunktet for gebyrplikta vil dekke tilhøva. Dersom det skulle oppstå usemje med eigar av byggverk, meiner vi det er fornuftig at det likevel kjem fram av forskrifta. Brannvesenet i kommunen har av og til opplevd at dette har vore eit tema.

### **3.4. Forslaget i § 7 om utforming av gebyret**

§ 7 skal lyde:

*For bustadar og fritidsbustadar vert det betalt gebyr per bueining. Gebyrsats for bustadar og fritidsbustadar kan differensierast.*

*For næring og industri vert det betalt gebyr per pipe.*

*For andre byggverk fell tilsyns- og feiegebyret på kvart byggverk. Gebyrsats kan differensierast mellom forskjellege typar av byggverk.*

*Gebyr for medgått tid kan ileggast ved siden av tilsyns- og feiegebyret og følgjer same form som første til tredje ledd.*

Føresegna skal regulere utforminga på gebyra. Med utforminga av gebyret meiner vi korleis det skal gebyrleggast når gebyrplikta etter § 6 har trådd inn. Føresegna tek sikte på å erstatte pkt. 1.2 i gjeldande gebyrregulativ. Det er foreslått at gebyra skal falle på kvar bueining dersom eit byggverk er bustad eller fritidsbustad. Kva som er meint med bueining følgjer av § 3 bokstav c) i forskrifta. For bustadar vil føresegna erstatte kommunal forvaltningspraksis. Vi grunngir løysing for gebyr per bueining med at røykanalar i byggverk med fleire bueiningar truleg vil vere meir nytta og det vil såleis vere ei større belastning på desse. Brannvesenet må også inn i kvar bueining for å gjennomføre tenesta. Når det i forskrifta er foreslått at gebyrsats for bustadar og fritidsbustadar kan differansierast, er det ikkje meint at det skal kunne differensierast innanfor kvar kategorie «bustad» eller «fritidsbustad». Forskrifta skal heller forstås som at gebyrsats for bustad ikkje treng å vere det same som for fritidsbustad eller omvendt. Dette kan ha med å gjere at det kan vere meir tidkrevande å gjennomføre feiing og tilsyn med fritidsbustadar enn for bustadar, fordi ein må kunne belage seg på å reise lenger, og det er heller ikkje usannsynleg at ein må kome til på meir kronglete og ulendte plassar ved gjennomføringa av tenesta på fritidsbustadar. Tilsyn og feiing med fyringsanlegg i fritidsbustadar er svært aktuelt for kommunen. Brannvesenet i kommunen har anslått at det er om lag 700 fritidsbustadar i kommunen. Talet vil truleg auke med tanke på at det skjer mykje utbygging på Fjellsætra. Kommunen har som nemnt plikt til å syte for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i slike bygg. Kommunestyret hadde før heimel til å gjere unnatak for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustadar, men denne kompetansen ligg lengre ikkje føre.

Brannvesenet i kommunen har ytra ønske om å føre vidare gebyrsats per industripipe når det gjeld gebyrlegging av industri/næringsbygg dersom desse blir varma opp av fyringsanlegg. Grunngevinga er at dette er krevande og tungt arbeid. Utkastet til ny forskrift tek sikte på å føre dette vidare. Utanfor dei tilhøve som allereie er nemnt er det foreslått at gebyret skal falle på kvart byggverk, til dømes anleggsbrakkar eller uthus dersom desse blir varma opp av fyringsanlegg.

Til sist har vi foreslått at det skal kunne ileggast eit gebyr for medgått tid dersom det viser seg at feie- og tilsynsoppgåva har vore meir krevande ved eit einskild tilhøve enn det som vanlegvis er situasjonen. Som vi var inne på under punkt 3.2 over må dette vurderast konkret av brannvesenet og kommuniserast med den eller dei som er ansvarleg for gebyra. Det er foreslått at gebyr for medgått tid skal følgje same form som første, andre og tredje ledd i § 7. Med fritidsbustad og bustad ser vi at det kan oppstå spørsmål om korleis det skal kunne gjennomførast i praksis. Om vi tek som døme ein bustad med fire bueiningar, kan det bli spørsmål om det skal ileggast eit gebyr for medgått tid per bueining eller om det skal ileggast eit gebyr for heile bygget som fordelast på dei fire bueiningane? Førebels er vi av den oppfatning at det eine ikkje behøver å utelukke det andre, det kan kome ann på kva som har medført at det har gått meir tid enn vanleg. Er det utfordringar med felles pipeløp som har gjort at det har gått meir tid, kan det vere rett å ta eit gebyr for medgått tid for heile bygget og dele det på kvar bueining. Er det fyringsanlegget til ein einskild bueining som har medført at det har gått meir tid, bør det vere riktig at denne bueininga blir belasta med gebyr for medgått tid. Når det gjeld fakturering for medgått tid, må det på grunn av karakteren ved dette gebyret, gjennomførast etter at den konkrete feiinga og tilsynet er gjennomført.

Det vil vere grunn til å gjere endringar i tabell i punkt 1.2 i gebyrregulativet ettersom den berre set satsar for bustad, industripipe og andre tilfelle etter medgått tid. Dette for å få harmonisert denne med ny forskrift. Endringa kan til dømes sjå slik ut:

Kategori	Gebyrsats
Bustad – per bueining	320,- eks. mva.
Fritidsbustad – per bueining	
Næring/industri – per pipe	605,- eks. mva.
Andre byggverk	
Gebyr for medgått tid	605,- eks. mva. per time

Vi legg i dette arbeidet ikkje opp til at det no skal fastsettast gebyrsatsar for fritidsbustadar og andre byggverk. Dette vil kommunen komme attende til i eiga sak. Utkastet til forskrift om gjennomføring av gebyr for feiing og tilsyn legg berre opp til at kommunestyret kan gjennomføre gebyr innanfor kategoriane som er nemnde. Før vi kan fastsette dei konkrete gebyrsatsane må det utarbeidast ein kostnadskalkyle. Brannvesenet har ytra ønske om ei prøveordning for å sjå nærare på kva for tid og ressursar som går med til feiing og tilsyn med fyringanlegg i andre byggverk som i dag ikkje er gebyrbelagt. Det er spesielt nemnt tilhøve ved fritidsbustadar. Brannvesenet har halde fram at det truleg ikkje er tilstrekkeleg kapasitet på feie- og tilsynssida i brannvesenet for å kunne dekke oppgåva på ein god nok måte. Kor mykje tid og ressursar som går med til arbeidet og kapasitetsmanglar som er i brannvesenet, vil vere relevant å ta med i utarbeiding av ein kostnadskalkyle.

### 3.5. Forsalget i § 8 om gebyrfritak

§ 8 skal lyde:

*Etter søknad kan kommunen gi fritak frå gebyrplikta i § 6 dersom eldstad vert fråkopla og røykkanalen vert blenda på forsvarleg vis. Eigaren må dokumentere at eldstaden er fråkopla og røykkanalen er blenda. Fritaket tek til å gjelde når kommunen har motteke dokumentasjonen.*

*Eigar pliktar å gi melding til kommunen når eldstad vert kopla til igjen og svarar gebyr frå same tidspunkt.*

*Vert ein bustad eller eit byggverk totalskadd som følgje av brann, uvær eller liknande, gir det rett på fritak for gebyrplikta i § 6.*

Utkastet legg opp til at kommunen kan gi fritak ved søknad der eldstad blir kopla frå og røykkanal og blenda på forsvarleg vis. Det synast å måtte vere nok at eldstad blir kopla frå pipeløp for å få fritak. Då vil ikkje fyringsanlegget lenger vere komplett og det er ikkje mogleg å nytte det til å varme opp byggverket. Det blir kravd dokumentasjon på at fråkoplinga er tilfredsstillande utført før det blir gitt fritak. Fordelen er at ein held seg til eit spor som blir enklare å praktisere og som blir meir føreseieleg for innbyggjarane i kommunen. Ein får også ei ordning som er meir i tråd med overordna heimelsgrunnlag for når kommunen skal gjennomføre feiing og tilsyn, sjå punkt 1.1. Med utkastet § 8 vil vi såleis gå bort frå pkt. 1.4 og kommunal forvaltningspraksis, som har utvikla seg kring fritaksordninga, sjå om dette i pkt. 2.1.4. Føresegna i § 8 i ny forskrift skal uttømmande regulere kva som må til for å få fritak. Føresegna om fritak for gebyr vil også gjelde for byggverk generelt og ikkje berre bustadar slik tilhøvet er i dag.

Andre ledd i § 8 skal regulere når fritak tek til å opphøyre. Det er der eldstad blir installert i byggverket igjen. I denne samahengen er det eit krav om at kommunen blir varsla. Det skal svarast gebyr frå same tidspunktet. Føresegna er meint å skulle korrespondere med ansvaret eigaren av eit byggverk har etter forskrift om brannførebygging § 6 første ledd. Etter denne føresegna pliktar eigaren av byggverket å melde ifrå til kommunen når det er installert ny eldstad eller det er gjort andre vesentlege endrigar av fyringsanlegget. Dersom det ikkje blir meldt ifrå til kommunen, må feie- og tilsynsgebyret ileggast frå tidspunktet det kan konstaterast at eldstad er installert igjen.

Føresegna om fritak frå gebyr må ein også sjå i samanheng med utforminga av gebyret etter § 7. Tek ein som døme ein firemannsbustad der kvar buening har installert eldstad til felles pipeløp, skal firemannsbustaden gebyrleggast med fire feie- og tilsynsgebyr. Er det slik at ei buening koplar frå eldstad og blendar pipeløpet ved fråkoplingspunktet, må det etter søknad kunne bli gitt fritak for feie- og tilsynsgebyr for denne bueninga.

Vi reknar som fritaksgrunn etter utkastet § 8 også force majeure tilfelle. Brenn til dømes ein bustad ned eller blir totaltskadd i uvær eller som følgje av naturhendig, synast det rett å kunne gi fritak for gebyr.

### **3.6. Forslaget i § 9 om andre tenester**

§ 9 skal lyde:

*Eigar av byggverk som ønskjer feiing og/eller tilsyn med fyringsanlegg utanom det som er lovpålagt, tek sjølv kontakt med feiar og avtalar dette. Arbeidet vert fakturert etter medgått tid.*

Føresegna opnar opp for å ta gebyr for utføring av tilleggstenester i form av til dømes fjerning av beksot, inspeksjon av skorstein osv. Feiar i brannvesenet har uttalt at det er ønskeleg med ei slik føresegn og at det er i tråd med dagens praksis. For denne tenesta er det foreslått at det skal betalast for medgått tid og at slik teneste blir fakturert særskilt.

### **3.7. Forslaget i § 10 om ansvar for gebyra**

§ 10 skal lyde:

*Eigar har ansvar for betaling av gebyr for feiing og tilsyn, uavhengig av om byggverket vert nytta av andre brukarar.*

*Gebyrsatsane er det som er gjeldande på tidspunktet fyringsanlegget vert installert i byggverket. Det same gjeld ved opphøyr av fritak, jf. § 8 andre ledd*

*Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn vert gjennomført, men gjeld uansett om, korleis og når tenesta finn stad.*

*Gebyret vert fakturert årleg i samband med dei andre kommunale gebyra.*

Utkastet § 10 regulerer kven som har ansvar ovenfor kommunen for betaling av gebyr etter forskrifta. Føresegna blir ny i høve til gjeldande regulativ. Den som skal vere ansvarleg for gebyra er *eigar*. Kven som er meint som eigar går fram av definisjonen i § 3 bokstad d) denne seier:

*Den som står som heimelshavar til eigedom med byggverk på som har installert fyringsanlegg. Fester av eigedom med tilsvarende byggverk på skal stå som eigar når gjenstående festetid da gebyrplikta inntrådde var 30 år eller meir, eller fester har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta inntrådde vil kunne verte 30 år eller meir.*

Det blir i denne samanhengen også spørsmål om kva ein meiner med *eigedom*. Dette er definert slik i § 3 bokstav e):

*Fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.*

Dette vil mellom anna bety at dersom eit byggverk blir leigd ut er det eigar, forstått som utleigar i leieavtalen, som vil vere ansvarleg ovenfor kommunen for gebyra. Om leigetakar skal bere gebyra, får utleigar og leigetakar bli samd om dette i leigeavtalen. Dersom feie- og tilsynsgebyra knyt seg til eit burettslag, vil det vere burettslaget som juridisk person som er ansvarleg for gebyra. Eit burettslag er eit samvirkeføretak som er stifta som burettslag, jf. *Lov av 6 juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova)* § 1-1. Eit samvirkeføretak er å rekne som eit sjølvstendig rettssubjekt som kan inneha ansvar, rettar og plikter. Dette følgjer av ansvarsavgrensinga i *Lov av 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeføretak (samvirkelova)* § 3 første ledd og er gjennteken i burettslagslova § 1-2 første ledd. Den som bur i eit burettslag er å rekne som andelseigar i burettslaget og får dermed ein burett til ein bustad i laget, jf. burettslagslova § 5-1. Dette medfører at det er burettslaget som føretak som faktisk eig eigedomen og ikkje kvar einskild andelseigar. Feie- og tilsynsgebyr knytt til bueningene er difor som sagt noko burettslaget som føretak utad er ansvarlege for ovanfor kommunen, men som innad i burettslaget må reknast som felleskostnadar som må fordelast mellom andelseigarane, jf. burettslagslova § 5-19. Dersom ein eigedom er sekjonert i samsvar med *Lov av 16 juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner (eigarseksjonslova)*, legg utkastet opp til at det er eigar av eigarseksjonen som har byggverk med installert fyringsanlegg som er ansvarleg for feie- og tilsynsgebyret.

Dersom ein eigedom ikkje er organisert som eigarseksjon eller eit burettslag, men det er fleire eigarar til same eigedomen, må dette vere å sjå på som eit tingsrettsleg sameige som er regulert etter *Lov av 18 juni 1965 nr. 6 om sameige (sameigelova)*. Eit slikt sameige er i utgangspunktet ikkje å rekne som eit sjølvstendig rettssubjekt. Det betyr at eit tingsrettsleg sameige ikkje kan inneha rettar eller pådra seg ansvar eller plikter. Sameigelova regulerer berre tilhøvet mellom sameigarane. Utad vil difor kvart einskilt medlem vere solidarisk ansvarleg for feie- og tilsynsgebyret ovanfor kommunen.

Gebysatsen eigar skal betale er satsen som gjeld på det tidspunktet fyringsanlegget blir installert i byggverket. I praksis må det vere frå tidspunktet kommunen får melding frå eigaren at dette er gjort. Dette følgjer såleis same system som gebyrplikta etter utkastet § 6. Det same skal gjelde når fritak frå feie- og tilsynsgebyret opphøyrer.

Tredje ledd i forskrifta gir uttrykk for at gebyret ikkje er knytt til når tenesta blir utført, men gjeld uansett korleis og når tenesta finn stad. Her kjem det til uttrykk at gebyret blir betalt etter flat pris og føresegna kodifiserar det som har vore gjeldande ordning i kommunen.

Til slutt gjer føresegna greie for når gebyra blir fakturert. Det skal skje samstundes med dei andre kommunale gebyra. Under punkt 2.1.3 vart det nemnt at Sykkylven Energi AS har ytra spørsmål om ein kan fordele gebyr for feieing og tilsyn likt på terminane for dei kommunale gebyra, dette fordi det har kome ønske frå innbyggjarar i kommunen om ei slik ordning. Slik ordlyden er formulert i utkastet vil det ikkje vere noko i vegen for ei slik løysing. Her vil ny forskrift endre noverande ordning.

### **3.8. Avsluttande føresegner – innkreving, vedtaksmynde m.m.**

Utkastet til ny forskrift inneheld nye føresegner om innkreving, vedtaksmynde etter forskrifta, kven som har kompetanse som klageinstans og ei slutføresegn som syner til når forskrifta tek til å gjelde og kva for føresegner den vil erstatte.

### **3.8.1. Forslaget i § 11 om innkreving**

§ 11 skal lyde:

*Krav på gebyr etter denne forskrifta er tvangsgrunnlag for utlegg etter lov om tvangsfullbyrding og kan krevjast inn etter lov om skattebetaling.*

Vi har sett inn ei føresegn som gir ei tilvising til kva for reglar som gjeld dersom den som har ansvar for å svare gebyret ikkje gjer opp etter fri vilje, jf. utkastet § 11. Ved desse høve følgjer det av brann- og eksplosjonsvernlova at krav på gebyr for feiing og tilsyn vil vere tvangsgrunnlag for utleggsforretning etter *Lov av 26 juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (tvangsfullbyrdingslova)* kapittel 7, og at dei kan krevast inn etter reglane i *Lov av 17 juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova)*. Sidan regelen om innkreving av forfalte feie- og tilsynsgebyr allereie følgjer av brann- og eksplosjonsvernlova, er det strengt teke ikkje nødvendig at det er ei eiga føresegn om det i forskrifta. Av pedagogiske årsaker har vi valt å ta den med slik at det skal gi ei enklare oversikt for innbyggjarane.

### **3.8.2. Forslaget i § 12 om vedtaksmynde**

§ 12 skal lyde:

*Kommunestyret er vedtaksmynde etter denne forskrifta.*

*Kompetanse til å treffe vedtak etter denne forskrifta kan likevel delegerast til det organ kommunestyret peikar ut.*

Føresegna i § 12 skal regulere kven som har vedtaksmynde etter forskrifta. Utgangspunktet er at det er kommunestyret som er det øvste organet i kommunen og som i kraft av dette sit med vedtakskompetanse, sjå *Lov av 22 juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)* § 5-3 første og andre ledd. Kompetansen kommunestyret har kan innanfor dei rammene kommunelova og annan lov set, delegerast til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren, jf. kommunelova § 5-3. Andre ledd i § 12 i forslaget til ny forskrift er såleis ei tilvising til dette.

Der det er aktuelt å treffe enkeltvedtak etter forskrifta, vil vere i høve til spørsmål om fritak for gebyr etter § 8. Denne kompetansen er i dag delegert til kommunedirektøren som igjen har vidaredelegert kompetanse til einingsleiar for teknisk eining i kommunen.

### **3.8.3. Forslaget i § 13 om klage**

§ 13 skal lyde:



*Vedtak gjort i medhald av denne forskrifta er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.*

*Klageinstans for vedtak fatta med heimel i denne forskrifta er kommunestyret eller det organ kommunestyret peikar ut, jf. forvaltningslova § 28 andre ledd.*

*Fremstår eit feie- og tilsynsgebyr etter gebyrregulativet som urimelege høgt, har eigar høve til å klage på gebyret.*

*Sjølv om gebyrvedtaket vert klaga på, må allereie påløpte gebyr betalast innan forfallsdato.*

Vedtak som er fatta i medhald av forskrifta vil vere å rekne som eit enkeltvedtak som vil følgje reglane om enkeltvedtak etter *Lov av 10 februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)*. Det inneber at det vil vere ein rett for parten til å klage på vedtaket og å kunne få det overprøvd av ein nøytral klageinstans.

Etter forvaltningslova § 28 andre ledd følgjer det at om eit forvaltningsorgan, oppretta etter kommunelova, har fatta enkeltvedtak i ei sak, vil klageinstans i kommunen vere kommunestyret eller formannskapet om kompetansen er delegert dit. Alternativt kan det opprettast særskilte klagenemnder. Om kommunestyret skal kunne ha kompetanse som klageinstans fordrar det at kommunestyret har delegert sin vedtakskompetanse til å treffe opphøveleg vedtak (vedtaket som blir klaga på). Dersom det ikkje skjer, følgjer det vidare av forvaltningslova § 28 andre ledd at departementet då vil vere klageinstans. Kompetansen som klageinstans er delegert frå departementet til Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) i slike tilhøve, sjå *Rundskriv frå Kommunal- og arbeidsdepartementet – H-1994-12*. Løysinga som følgjer av forvaltningslova her er i strid med prinsippet om det lokale sjølvstyret. Lovgivar har likevel fastsett ei slik ordning av omsyn til rettstryggleiken til ein part. Denne skal ha moglegheit for å få overprøvd eit vedtak av ein nøytral part. Løysinga er også fastsett for å framtvinge ei delegering av mynde hos kommunestyra i landet.

Ordninga i kommunen i dag er slik at einingsleiar for tekniske tenester i kommunen har fått delegert kompetanse til å treffe enkeltvedtak i saker om feie- og tilsynsgebyr. Etter forvaltningslova § 33, vil teknisk eining vere å rekne som underinstans, ettersom underinstans er det organet som traff vedtaket som blir klaga på. I kommunen har det utarbeida seg ei rutine som går ut på at det er politisk utval, nærings- og utviklingsutvalet (NU), som treff vedtak som underinstans. Teknisk eining førebuer soleis berre saka for NU. Kompetansen som klageinstans for saker om feie- og tilsynsgebyr er delegert til formannskapet i kommunen.

Vi foreslår i nest siste ledd i utkastet at eigaren av eit byggverk med fyringsanlegg skal ha høve til å klage på eit feie- og tilsynsgebyr etter gebyrregulativet som synast urimeleg høgt. Eit gebyrregulativ vil vere å rekne som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a) og c). Etter § 40 i forvaltningslova er det berre moglegheit til å fråvike ei forskrift om forskifta sjølv opnar opp for det eller overordna heimelsgrunnlag gir rett til det. Verken brann- og eksplosjonsvernslova eller forskrift om brannførebygging synast å ha reglar som gir denne moglegheita, det er heller ikkje sett nokre begrensing for kommunen til i lokal forskrift å opne opp for klage på gebyr. Det kan synast best for rettstryggleiken til eigaren å kunne ha rett til å klage på ei gebyrsats. Kommunen skal ved fastsetting av gebyra følgje sjølvkostprinsippet. Dei nærare reglane for sjølvkost er gitt i *Forskrift av 11. desember 2019 nr. 1731 om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskrifta)*. Å ha ein klagerett på gebyra gir ei tryggleiksventil for eigaren og moglegheit for kontroll med at feie- og tilsynsgebyra er i samsvar med sjølvkostforskrifta. Mest truleg vil også ein slik regel kunne fungere som eit insitament for kommunen til å sjå til at gebyra er i tråd med forskrifta. Når det blir opna opp for ein klagerett har vi også foreslått at det må vere ein viss terskel for å kunne å sett gebyret tilside eller sette det ned – gebyret må framstå som urimeleg høgt.

I siste ledd blir det foreslått at gebyr må betalast sjølv om vedtak på gebyr blir klaga på. Vil ein eigar av byggverket få medhald i ein klagesak, gir det rett på å få tilbakebetalt summen som har vore omtvista.

### **3.8.4. Forslaget i § 14 om ikrafttreding**

§ 14 skal lyde:

Denne forskrifta ertstattar følgende føresegner i *Gebyrregulativ tekniske tenester Sykkylven kommune*:

- Punkt 1.1
- Punkt 1.2
- Punkt 1.3
- Punkt 1.4

Forskrifta tek til å gjelde frå....

Slutføresegna er lagt opp til å seie når forskrifta skal tre ikraft. Det er likevel eit krav om at forskrifter blir kunngjort før dei kan tre ikraft, jf. forvaltningslova § 39. Blir det ikkje fastsett når forskrifta skal gjelde frå, vil den som utgangspunkt tre i kraft ein månad etter at den er kunngjort. Slutføresegna klaregjer også kva for føresegner i Gebyrregulativ tekniske tenester Sykkylven kommune som blir erstatta av denne forskrifta. Punkta som blir erstatta i gebyrregulativet er punkt. 1.1, 1.2, 1.3 og 1.4.

## **4.0. Administrative og økonomiske konsekvensar**

Innføring av ny forskrift vil førebels ikkje føre til auke i gebyr eller til fleire gebyr, men berre ei opprydding av gjeldande gjennomføringsreglar.

Ei ny gjennomføringsforskrift vil, som vi var inne på under punkt 2.2.4, gjere det mogleg for kommunestyret å fastsette feie- og tilsynsgebyr for fritidsbustadar og andre byggverk, som det i dag ikkje blir fakturert feie- og tilsynsgebyr for. Før kommunen går inn for å fastsette slike gebyr må ein kunne dokumentere kostnadane. Oppretting og fastsetting av nye gebyrsatsar vil vi difor ta opp seinare i ei eiga sak. Vi har skissert tidlegare at brannvesenet gjerne ønsker ei prøveordning for å fastsette kor mykje tid og ressursar det går med til feiing og tilsyn med andre typer av byggverk. Her har fritidsbustadar spesielt vore i tankane og det er nok det kommunen først og fremst kjem til å prioritere ved fastsetting av gebyrsats for ny gebyrtype. Førebels vil ikkje forskrifta ha spesifikke økonomiske og administrative verknader for innbygarar i kommunen.

Kommunen vil måtte kunne sjå på informasjon om fritaksordning for feie- og tilsynsgebyr som følgjer av heimesida og syte for samordning med denne og ny forskrift. Det same vil gjelde Sykkylven Energi AS, då same informasjon går fram på deira heimeside.